



Iver Kleive, Sigmund Groven og Anne Gravr Klykken levte ein stemningsfull konsert på Vinjehuset torsdag.

## Stemningsfullt og imponerande

Sigmund Groven og Iver Kleive har samarbeidd i 30 år, og no er dei ute på jubileumsturne. Torsdag hadde dei konsert i Vinjehuset, og tilhøyrarane fekk ein konsert med musikk i særklasse.

Audny Barstad  
audny.barstad@vtb.no

Musikarane, som begge har røter i Telemark, hadde med seg Anne Gravr Klykken, og saman presenterte dei eit nært og godt konsertprogram som gav publi-

kum perler frå folketonar og deira eigne komposisjonar.

**Bautar i musikkverda**  
Sigmund Groven har gjennom

sine år som utøvar på munnspel vist ei heil verd korleis instrumentet kan nyttast til klassisk musikk så vel som viser. Iver Kleive har som klassisk organist, komponist og dirigent hatt stor suksess, og saman er dei to bautar i Noregs musikkverd. Det viste dei publikum.

Med «Tjønneblomen» og «Bruremasj frå Seljord» viste Groven at munnspel er eit flott instrument til folketonar, medan «Ave Maria» av Bach/Gounod viste kor flott samspelet mellom Kleive og Groven er.

### Sterke røter

Gravr Klykken syng både kveding og jazz i tillegg til klassisk. På konserten fekk publikum høyre viser av både Odd Nordstoga og Halvor J. Sandsdalen, så røtene til Telemark var sterke denne kvelden.

Saman runda muskarane av konserten med Halvor J. Sandsdalen sitt dikt, «Kom sol på alle mine berg», tonesett av Groven i eit flott samspel. Og sjølv sagt var det eit ekstranummer på lur, og med Henning Sommerro sin «Vårsøg» blei kvelden avslutta med eit veikjend og kjærnt musikalsk punktum.

## Nesten 300 millionar har diabetes

(NPK): Talet på personar med diabetes nærmar seg på verdsbasis 300 millionar og er venta å passere 430 millionar innan tjuen år.

Nesten kvart tjuande menneske på kloden har sjukdommen, og det er livsstilsvarianten type 2-diabetes som breier mest om seg. Kvart år får rundt sju millionar menneske diabetes, og om lag fire millionar døyr av sjukdommen, viser tal frå Den internasjonale diabetesføderasjonen (IDF).

I Noreg ønskjer Norges Diabetesforbund meir handling for å stoppe utviklinga.

– I Noreg har over 350.000 personar type 2-diabetes, og talet aukar. Det er viktig at regjeringa handlar nå for å stoppe denne utviklinga, seier generalsekretæren i forbundet, Bjørnar Allgot.

Laurdag markerer organisasjonen den internasjonale diabetesdagen, der søkjelyset i år blir spesielt retta mot dei mange som ikkje har fått diagnosen.

Diabetesforbundet nyttar høvet til å oppfordre fleire til å ta diabetes testen, som organisasjonen har laga saman med Helseledningsdirektoratet. Testen kan du ta på internett, blant anna på adressa [www.diabetesrisiko.no](http://www.diabetesrisiko.no).

Diabetesforbundet reknar med at rundt 175.000 nordmenn har type 2-diabetes utan å vite om det. Dobbelte så mange er i faresona for å utvikle den kroniske sjukdommen.

– Fleire enn 40.000 har til nå testa risikoen sin på nett for å utvikle diabetes, og cirka ti prosent av dei har høg risiko. Dei som skårar høgt, blir rådde til å kontakte legen sin, fortel Diabetesforbundet i ei pressemelding.